



**Arkiv:** FE-033, FA-Q3  
**JournalpostID:** 25/34335  
**Saksbehandlar:** Svein Otto Melheim,  
prosjektavdeling  
**Dato:** 04.08.2026

## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval             | Møtedato   |
|---------|-------------------|------------|
| 26/100  | Stad formannskap  | 03.09.2026 |
| 26/103  | Stad kommunestyre | 10.09.2026 |

### Utbyggingsavtale del 2 - Sjøvassleidningar

#### Bakgrunn for saka:

Det er krav om tilstrekkeleg vassforsyning ved oppstart av hovudprosjektet Stad skipstunnel, jf. rekkefølgekrav pkt. 11.2.2.2 bokstav d i reguleringsplan for Stad skipstunnel vedteken 24. oktober 2024. Det skal gjennomførast fleire utbyggingar, og Stad kommunestyre godkjende i møte 19. januar 2025, sak KS-25/015, ei avtale mellom Stad kommune og Vanylven kommune der intensjonen var å arbeide for å få på plass ei vassleidning mellom Vanylven og Kjøde i Stad kommune, samtidig som ein skulle arbeide vidare med ein utbyggingsavtale mellom Kystverket og Stad kommune.

Kommunestyre godkjende i møte 11. september 2025 sak KS-25/138, del 1 av denne utbyggingsavtalen. Vedtaket lyd slik:

*Stad kommunestyret godkjenner «Utbyggingsavtale del 1 mellom Kystverket, Stad kommune og Vanylven kommune – Førebuande arbeid med sjøvassleidningar i samanheng med Stad skipstunnel» slik den ligg føre*

Det er no utarbeidd utbyggingsavtale del 2 som skal erstatte Utbyggingsavtale del 1.

Utbyggingsavtale del 1 gjeld fram til utbyggingsavtale del 2 er endeleg signert av begge partar. Stortinget har vedteke fullfinansiering av hovudprosjektet Stad skipstunnel. Utbyggingsavtale del 2 er signert av Kystverket, medan endeleg signering frå Stad kommune føreset kommunestyret si godkjenning av avtalen.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommunestyret godkjenner «Utbyggingsavtale del 2 mellom Kystverket, Stad kommune og Vanylven kommune – Førebuande arbeid med sjøvassleidningar i samanheng med Stad skipstunnel» slik den ligg føre.
2. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegner av kommunen.

**Vedlegg i saka:**

|            |                                                                                     |         |
|------------|-------------------------------------------------------------------------------------|---------|
| 05.08.2026 | Utbyggingsavtale Sjøledninger Stad og Vanylven kommuner- signert Kystverket-juni 26 | 1874492 |
| 27.08.2026 | Utbyggingsavtale del 1 Sjøvassleidningar                                            | 1877261 |
| 27.08.2026 | Signert utbyggingsavtale Sjøledninger Del 1 KYV. 01.07.25 (1)                       | 1877262 |
| 27.08.2026 | VEDLEGG 1 Omfang Entreprise sjøledninger (2)                                        | 1877263 |
| 27.08.2026 | Vedlegg 2 Kostnadskalkyle per 19 juni 25 (2)                                        | 1877264 |

**Stad formannskap 03.09.2026:****Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

**F - 26/100 Vedtak:**

1. Stad kommunestyret godkjenner «Utbyggingsavtale del 2 mellom Kystverket, Stad kommune og Vanylven kommune – Førebuande arbeid med sjøvassleidningar i samanheng med Stad skipstunnel» slik den ligg føre.
2. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegner av kommunen.

**Saksopplysningar:**

Eit viktig tiltak for Stad Skipstunnel og for framtidig infrastruktur i området er framlegging av ny permanent sjøvassleidning frå landtak på Åheim til Kjøde. Vassleidninga vil i byggefasen for Stad skipstunnel fungere som hovudtilførsel av vatn til byggeprosjektet, innbyggjarane og aktuelle næringsdrivande i Kjøde. Når skipstunnel-prosjektet står ferdig vil den permanente vassleidninga kunne koplast opp mot Selje vassverk og eit framtidig Berstad vassverk. Vassleidninga vil då tene som godkjend reservevassforsyning til Vanylven kommune, samt vassforsyning til Kjøde.

Førande for avtaleprosessen, og avtalen sitt innhald er reglane om utbyggingsavtalar etter plan- og bygningslova § 17-2. Utbyggingsavtaler er eit viktig verkemiddel for gjennomføring av vedtekne reguleringsplanar. Før kommunen kan inngå slike avtalar må kommunestyret gjere eit prinsippvedtak med retningslinjer som klargjer når utbyggingsavtalar er ein føresetnad for utbygging og kva type tiltak det kan vere aktuelt å forhandle om i avtalane. Stad kommunestyre godkjende i møte 7. mai 2026 sak KS-25/082 Stad kommune sine oppdaterte retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar, og avtalen er utarbeidd i tråd med desse.

Innhaldet i utbyggingsavtale del 1 er slik utforma at det skal inngåast ein utbyggingsavtale del 2, dersom vilkåra for det blir oppfylte. Vilåra er no oppfylte, og ein går difor vidare med trinn 2 i avtaleprosessen.

Framlagt utbyggingsavtale (utbyggingsavtale nr. 2) gjeld *fysisk opparbeiding* av Entreprisen i delprosjektet som er førebudd gjennom utbyggingsavtale nr. 1. Med Entreprisen meiner ein kontrakt mellom Kystverket og entreprenør for gjennomføring av delprosjektet. Kystverket har i sommar lyst ut konkurranse på entreprisen, målsettinga er å inngå kontrakt med entreprenør i 2026. Oppstart Januar 2027, med ferdigstilling sommar- tidleg haust 2027. Den praktiske gjennomføringa av utbyggingsavtalen følgjer av tilhøyrande gjennomføringsavtale

## Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer det slik at den framforhandla avtalen er i samsvar med plan- og bygningslova § 17-2 og Stad kommune sine retningslinjer for utbyggingsavtalar.

Avtalen sikrar gjennomføring av tiltak som er nødvendige for realisering, med grunnlag i planføresegner og inngått intensjonsavtale. Endeleg gjennomføring medfører, som tidlegare opplyst til kommunestyret, både rettar og pliktar for Stad kommune. Desse går fram av framlagt utbyggingsavtale og vil også bli tatt omsyn til i seinare saker og investeringsvedtak knytt til VA-området, jf. også vurderinga under «Økonomisk berekraft».

Kostnadsfordelinga er basert på ein framforhandla fordelingsnøkkel mellom partane, og skal vere både rimeleg og føreseieleg. Kostnadene som ligg føre er knytt til opparbeiding av teknisk infrastruktur innanfor planområdet og tilhøyrande tiltak som er nødvendige som følgje av utbygginga av Stad skipstunnel og tilliggjande område. Avtalen skal sikre ei effektiv og føreseieleg gjennomføring med grunnlag i reguleringsplanen, og sikrar at nødvendig infrastruktur vert etablert i takt med utbygginga.

## Økonomisk berekraft:

| Utbyggingsavtale del 2 forberedande arbeid sjøvassleidningar |                                                                                                           |                                                                                                                                 |              |                                                         |             |
|--------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|---------------------------------------------------------|-------------|
| Byggeår 2027                                                 |                                                                                                           |                                                                                                                                 |              |                                                         |             |
| Tiltak                                                       | Mål / hovudinnhald                                                                                        | Investeringskost frå entreprisekalkyler                                                                                         | Finansiering | Inntektsområde                                          | Kost/Inv år |
| Infrastruktur                                                | Førebuande arbeid vassforsyning i anleggsperioden og permanent drift, foryningsområde Moldefjord og Kjøde | SK - Økonomisk bidrag oppover avgrensa til kr 18,29 mill.<br>KYV - Realyting kr 27,44 mill. Dekker overskriding total kalkylen. | Lån          | Sjøvkost, anleggsbidrag og sal avvatn i anleggsperioden | år 2027     |
| Sum Tiltakskost.                                             | Handsaming i samla budsjett og økonomiplan hausten 2026                                                   | Kr 18,29 mill.                                                                                                                  |              |                                                         |             |

Kostnadar knytt til prosjektering og konkurransegrunnlag har til no vore dekkja av Kystverket. Desse kostnadane vert fordelt mellom Kystverket og kommunane som er synleggjort gjennom ein fordelingsnøkkel og er grunnlaget for utbyggingsavtale del 2.

Investeringskostnadar som ikkje er knytt til bygging av Stad Skipstunnel vil etter gjennomført utbygging blir belasta Stad kommune og Vanylven kommune. Finansiering av desse investeringskostnadane vil skje gjennom auka gebyr til innbyggjarar og anleggsbidrag på næringsområda. Driftskostnadar og inntekter i anlegg- og driftsfase samt eigarforhold og grensesnitt vert framforhandla i eigen driftsavtale mellom partane.

Stad kommune har i denne avtale framforhandla eit økonomisk bidrag oppover avgrensa til kr 18,29 mill. I tillegg kjem indeksregulering, samt kostnadar til eigne ressursar på oppfølging tiltaket. Kystverket gir ei realyting kr 27,44 mill. Kystverket dekker eventuelle overskriding av total kalkylen som ligg til grunn.

Samla investeringskostnadar og finansiering knytt til denne avtalen vert lagt fram til politisk handsaming i budsjett og økonomiplan hausten 2026.

## Sosial berekraft:

Trygg og stabil vassforsyning og avløpshandtering er ein viktig del av samfunnskritisk infrastruktur og

avgjerande for folkehelse, tryggleik og vidare utvikling av kommunen.

**Miljømessig berekraft:**

For å oppretthalde ei berekraftig drikkevassforsyning er det viktig med god forvaltning av vassressursen, tilpassing til klimaendringar og tiltak som beskyttar miljøet. Det er viktig at ein prioritere investeringar til infrastruktur som aukar vasslagring og kapasitet på reservevasskjelder, forbetrar vasskvaliteten og fremmer effektiv bruk av vassressursar.